

Kjære sildemåke, grågås, star og lauvsongar! Eg håper alt står bra til med dykk alle. Her kjem eit reisebrev frå den spennande ferda mi mot sørlegare strøk.

I midten av august merka eg at det var blitt kjøligare i lufta og at kveldane var blitt mørkare. Samtidig gjekk det lenger tid mellom kvar gong eg fann eit insekt, ein edderkopp eller ein mark å ete. Både eg og lappspovevennane mine begynte å kjenne oss kalde og svoltne. Vi bestemte oss derfor for at tida var inne for å forlate Noreg. Forventningsfulle letta vi frå bakken, spreidde vingane og vende nebbet mot søraust, nærmare bestemt Marokko i Nord-Afrika. Lite visste vi om farane vi skulle møte på vegen.

Den første veka gjekk det meste lett og fint. Vi svedde over fjordar og fjell, skogar, åkrar, sjøar, bygder og byar, og stoppa for å kvile og ete når vi trong det. Så ein dag snudde lykka. Vi hadde floge eit langt strekk og trong ein pause. Vi skimta ei myr nede på bakken og tenkte: Ah, der kan vi finne mat og samtidig vere ganske trygge frå rovdyr som vil ete oss. Den perfekte staden for ein rast! Vi landa i myra og forsynte oss glupsk av kreklingbær. Ingen av oss merka lukta av røyk frå fabrikk i det fjerne. Det var først etter at vi hadde kvilt ut og skulle fly vidare at vi begynte å kjenne oss ugne. Vi forstod etter kvart at utsleppa frå fabrikk hadde forureina myra og bæra der. Dei forureina bæra hadde gitt oss skikkeleg vondt i magen! Vi blei slappe og uvel alle saman, og måtte kvile i fleire dagar før vi omsider klarte å komme oss vidare.

Eg og flokken min var framleis slappe etter forgiftinga då vi fortsette reisa, og vi merka at vi måtte stoppe og kvile oftare enn vi vanlegvis gjer når vi er ute og flyr. Ein kveld stoppa vi på ei strand for å sove. Eg hadde nesten sovna da eg hørde noko som luska seg innpå meg. Da eg forsiktig opna auga, stirra eg til mi store skrekk rett inn i gapet på ein svolten rev! Dei spisse tennene hans glinsa mot meg der han stod og sikla. No var gode råd dyre. Med hjartet i halsen tok eg vingane fatt og baksa meg unna det raskaste eg kunne, med reven etter meg i full galopp. Det var med naud og neppe at eg kom meg nokre meter over bakken, så vidt over hovudet på reven. Han snappa etter meg mens eg, flaksande og pesande, steig høgare til vørs. Eg oppdaga eit svaberg som stakk opp eit stykke uti vatnet, og landa der. Endeleg gav reven opp jakta, og luska misfornøgd vidare langs strandkanten. Eg pusta letta ut. Faren var over for denne gong.

Undervegs på ferda la eg merke til kor mykje som hadde forandra seg frå da vi gjorde denne reisa i vår. På stader eg hugsar som område av strender og myr, låg det no hus og bygningar. No måtte vi fly lenger for å finne ein god rasteplass. På eit strekk av reisa blei dette ekstra krevjande. Vi hadde planlagt å stoppe og raste på ei strand vi kjente frå tidlegare reiser. Vi tenkte at der finn vi både sniglar og muslingar. Nam, nam! Men da vi landa blei vi heilt forvirra. Vi kjente oss slett ikkje igjen. Der vi forventar å finne stranda, låg det no eit digert strandhotell med ein enorm parkeringsplass framfor seg. Korleis skal vi klare å finne noko å ete her, fortvilte vi. Vi som var så skrubbsvoltne! I det som verka som ei æve hoppa eg rundt på parkeringsplassen i håp om i det minste å finne eit lite insekt. Heile tida måtte eg smette unna bilar og folk som kom drassande på store koffertar. Eg var utmatta og utsvolten da eg til sist fann nokre restar av ein kebab som nokon hadde slengt frå seg på asfalten. Det var kraftig kost for min vesle kropp, men gav meg i det minste energi slik at eg klarte å fortsette turen.

Som de forstår, kjære trekkfuglvenner, har dette vore litt av ei reise. Eg og resten av flokken min var utruleg letta og glade da vi endeleg landa trygt ved kysten av Marokko og kunne vifte med fjørene av glede. Her er veret mildt og insekta mange, så her skal vi kose oss heilt fram til uti april ein gong. Da vender vi nebbet mot Noreg igjen. Varme klemmar og kvitre-kvitte frå vennen dykkar, lappspova.